

Kvartalsrapport
pr. 30.09.2021

KVARTALSRAPPORT PR. 30.09.2021

Resultat

Banken har pr. 30.09.2021 oppnådd ein rentenetto på kr. 46,7 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,56 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 52,9 mill. og i prosent av gfk 1,84 %. Rentenettoen i kroner har gått ned med kr 6,3 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Eit tapsmerka engasjement ble gjort opp første halvår 2020. Dette gjorde at Luster Sparebank kunne inntektsføre avsette, ikkje inntektsførte renter på engasjementet. Dette forklarar deler av reduksjon i rentenetto pr 30.09.2021 i forhold til same tidspunkt i fjor. I tillegg sette Norges Bank våren 2020 ned styringsrenta for å motverke den økonomiske nedturen som følgje av Covid19-pandemien. Luster Sparebank sette også ned sine renter i april 2020. Utlånsrentene vart sett ned meir enn innskotsrentene. Dette har redusert rentenetto i prosent pr. 30.09.2021 i forhold til 30.09.2020.

Netto andre driftsinntekter pr. 30.09.2021 er på kr 18,3 mill. som er kr 0,46 mill. lågare enn pr. 30.09.2020.

Sum driftskostnader har gått ned samanlikna med fjoråret.

På tap på utlån og garantiar har ein pr. 30.09.2021 kostnadsført kr 0,5 mill. Pr 30.09.2020 var kostnadsførte tap kr 11,4 mill.

Pr 30.09.2021 er resultat etter skatt og andre inntekter og kostnader kr 26,4 mill. mot kr 22,3 mill. på same tidspunkt i 2020.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.09.2021 er på kr 4.092,6 mill. Auke i forvaltningskapital siste 12 månader er på kr 177,4 mill. (4,53 %). Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.09.2021 på kr 4.863,5 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 272,0 mill. eller 5,92 %.

Netto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.364,0 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 96,8 mill. eller 2,96 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.09.2021 overført kr 770,8 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 672,3 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste 12 månader auka med kr 191,4 mill. eller 4,85 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.09.2021 er fordelt med 26,4 % på næring og 73,6 % på personmarknad og andre sektorar. På same tidspunkt i fjor var fordelinga 26,1 % på næring og 73,9 % på personmarknad og andre sektorar.

Innskot frå kundar er bokført med kr 3.041,7 mill. Veksten siste året er på kr 187,3 mill. eller 6,56 %.

Banken har langsiktig lånt inn kr 145,2 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har teke opp obligasjonslån for kr 274,6 mill. Banken si innskotsdekning er 90,4 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkreditselskap halde utanfor.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjer kr 65,7 mill. kr. pr. 30.09.2021. Dette er ein auke på kr 9,8 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har gått opp med kr 5,9 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2021.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 30.09.2021 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 491,6 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 1.992,3 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 24,68 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.09.2021 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 26,0 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i samarbeidane finansinstitusjonar Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 22,27 %, kjernekapitaldekning på 22,54 % og ei kapitaldekning på 22,89 %.

Utsiktene for resten av året

Forskjellen mellom utlånsrenter og innskotsrenter er blitt redusert. Dette reduserer inntektene til banken. Luster Sparebank har gjennomgått banken sin portefølje av BM-kundar. Denne gjennomgangen syner at Covid19-pandemien har hatt liten eller ingen innverknad på banken sine kundar. Det er viktig å overvake kredittrisikoen i banken si utlånsportefølje. Det er og viktig å halde kontroll på kostnadane slik at ein tilpassar seg ein situasjon med lågare inntekter. Luster Sparebank har hatt ei god resultatutvikling så langt i 2021. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Styret vurderer det slik at banken er godt rusta til å handtere situasjonen Covid19-pandemien har skapt.

Gaupne, 12.11.2021

I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

Anette Stegegjerdet Norberg

Inge Teigen

Oddstein Haugen
Banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	30.09.2021	30.09.2020	3. kvartal 2021	3. kvartal 2020	31.12.2020
Renteinntekter og liknande inntekter	60.653	80.420	20.021	20.892	101.438
Rentekostnader og liknande kostnader	14.000	27.466	4.503	5.225	32.393
Netto renteinntekter	46.653	52.954	15.518	15.667	69.045
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	11.212	10.589	4.197	3.798	15.278
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-1.749	-1.440	-617	-419	-2.028
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	7.567	4.477	176	1.700	6.608
Netto verdiending og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	1.284	4.264	1.487	936	10.104
Andre driftsinntekter	1	884	0	277	87
Netto andre driftsinntekter	18.315	18.774	5.243	6.292	30.049
Løn og andre personalkostnader	14.361	14.869	5.254	5.352	19.972
Andre driftskostnader	14.328	15.104	4.931	4.564	18.518
Ordinære avskrivningar	727	729	235	238	1.107
Sum driftskostnader	29.416	30.702	10.420	10.154	39.597
Tap på utlån, garantiar o.l.	529	11.403	141	894	18.993
Driftsresultat før skatt	35.023	29.623	10.200	10.911	40.504
Skattekostnad	8.756	7.406	2.551	2.728	10.326
Resultat etter skatt	26.267	22.217	7.649	8.183	30.178
Utvida resultat					
Andre inntekter og kostnader	99	61	37	20	-290
Totalresultat	26.366	22.278	7.686	8.203	29.888

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Kontantar og kontantekvivalentar	71.735	71.788	71.454
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	158.584	124.666	165.529
Utlån til og fordringar på kundar	3.364.001	3.267.154	3.178.855
Rentebærande verdipapir	0	0	0
Obligasjons- og pengemarknadsfond	319.233	272.821	293.559
Aksjar og grunnfondsbevis	140.014	132.610	137.162
Aksjefond	0	8.829	9.209
Immaterielle eigendeler	29	189	133
Varige driftsmidlar	7.794	4.166	7.573
Eigendeler ved utsatt skatt	4.937	6.768	4.937
Andre eigendeler	26.296	26.207	26.862
SUM EIGENDELER	4.092.623	3.915.198	3.895.273
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	145.208	65.046	65.061
Innskot og andre innlån frå kundar	3.041.663	2.854.318	2.821.436
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	274.593	400.677	400.735
Anna gjeld	11.289	9.559	3.927
Avsetningar	28.754	29.821	37.962
Sum gjeld	3.501.507	3.359.421	3.329.121
Sum eigenkapital	591.116	555.777	566.152
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	4.092.623	3.915.198	3.895.273
Garantiansvar	45.691	30.306	25.298
Pantsetjingar	246.872	206.650	207.063
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	770.845	676.272	835.705
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	3.993.948	3.841.006	3.831.043

RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Renteinntekter og liknande inntekter	2,03 %	2,80 %	2,65 %
Rentekostnader og liknande kostnader	0,47 %	0,96 %	0,85 %
Netto renteinntekter	1,56 %	1,84 %	1,80 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,38 %	0,37 %	0,40 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,06 %	-0,05 %	-0,05 %
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	0,25 %	0,16 %	0,17 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,04 %	0,15 %	0,26 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,03 %	0,00 %
Netto andre driftsinntekter	0,61 %	0,65 %	0,78 %
Løn og andre personalkostnader	0,48 %	0,52 %	0,52 %
Andre driftskostnader	0,48 %	0,53 %	0,48 %
Ordinære avskrivningar	0,02 %	0,03 %	0,03 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	0,98 %	1,07 %	1,03 %
Tap på utlån, garantiar o.l.	0,02 %	0,40 %	0,50 %
Driftsresultat før skatt	1,17 %	1,03 %	1,06 %
Skattekostnad	0,29 %	0,26 %	0,27 %
Resultat etter skatt	0,88 %	0,77 %	0,79 %
Utvida resultat			
Andre inntekter og kostnader	0,00 %	0,00 %	-0,01 %
Totaltresultat	0,88 %	0,77 %	0,78 %

ENDRING I EIGENKAPITAL

(NOK 1 000)	Fond for urealiserte gevinster	Sparebankens fond	Gavefond	Eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.2019	0	441.308	18.700	460.008
Årsresultat	0	30.540	3.000	33.540
Overført til gavefond klassifisert som gjeld			-3.000	-3.000
Eigenkapital pr. 31.12.2019	0	471.848	18.700	490.548
Ny måling av finansielle eigendeler	38.828			38.828
Reklassifisering gåvefond			4.293	4.293
Reduksjon i tapsnedskrivning etter IFRS 9	1.462			1.462
Skatteeffekt på verdiendringar	-21			-21
Eigenkapital pr. 01.01.2020	40.269	471.848	22.993	535.110
Resultat før andre inntekter og kostnader		27.178	3.000	30.178
Poster ført over andre inntekter og kostnader		-290		-290
Totalresultat 31.12.2020		26.888	3.000	29.888
Utbetalt frå gåvefond			-2.314	-2.314
Transaksjonar ved fusjon		3.468		3.468
Eigenkapital pr. 31.12.2020	40.269	502.202	23.679	566.152
Resultat før andre inntekter og kostnader		26.267		26.267
Poster ført over andre inntekter og kostnader		99		99
Totalresultat 30.09.2021		26.366	0	592.518
Utbetalt frå gåvefond			-1.402	-1.402
Eigenkapital pr. 30.09.2021	40.269	528.568	22.277	591.116

NOTEOPPLYSNINGAR

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak".

Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i henhold til gjeldande IFRS standarder og IFRIC fortolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap og bør leses i sammenheng med årsrekneskap for 2020.

Rekneskapsprinsipp beskrevet over er blitt nytta ved utarbeiding av åpningsbalanse etter IFRS.

Vi viser til note 20 i årsrapport for 2019 som syner banken sin åpningsbalanse etter IFRS og effektane av denne overgangen.

Viktige rekneskapestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar.

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for anvendte estimat og skjønsmessige vurderingar. I årsrekneskapet er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

NOTE 2 UTLÅN TIL KUNDAR

	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Personkunder	2.467.917	2.408.688	2.308.760
Offentleg sektor	13.597	16.404	14.987
Finans og andre sektorar	20.228	13.022	12.063
Næring			
- Primærnæring	135.054	136.669	142.969
- Industri	38.518	47.817	57.653
- Kraftproduksjon	33.198	35.066	34.555
- Bygg og anlegg	187.290	105.986	112.633
- Handel	51.575	52.253	49.782
- Hotell og restaurantdrift	58.179	61.911	59.781
- Transport	30.322	30.697	31.848
- Eigedomsdrift	295.502	318.458	320.571
- Andre tjenesteytande næringar	68.708	70.287	70.372
- Interesseorganisasjonar	899	966	957
Sum utlån før nedskrivningar	3.400.987	3.298.224	3.216.931
Trinn 1 nedskrivningar	-6.628	-4.095	-5.698
Trinn 2 nedskrivningar	-3.116	-1.669	-2.531
Trinn 3 nedskrivningar	-330	-2.139	-2.434
Individuelle nedskrivningar	-28.379	-24.376	-28.782
Tilbakeførte nedskrivningar trinn 1 på lån som kan selges til Verd Boligkreditt AS (lån til personmarknaden)	1.467	1.209	1.369
Sum utlån til og fordringar på kunder	3.364.001	3.267.154	3.178.855
Overført til Verd Boligkreditt AS	770.845	676.272	835.705
Totale utlån	4.134.846	3.943.426	4.014.560

Fordeling av utlån til kunder utifrå om utlån er vurdert til amortisert kost eller til verkeleg verdi

	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Amortisert kost			
Næringslivskunder	899.245	860.110	881.123
Offentleg sektor	13.597	16.404	14.987
Finans og andre sektorar	20.228	13.022	12.063
Nedskrivning trinn 1	-5.161	-2.885	-4.354
Nedskrivning trinn 2	-2.865	-1.480	-2.301
Nedskrivning trinn 3 modellbasert	-330	-2.095	-2.375
Nedskrivning trinn 3 individuelle	-28.073	-23.972	-28.478
Sum utlån vurdert til amortisert kost	896.641	859.104	870.665
Verkeleg verdi			
Personkunder	2.467.917	2.408.688	2.308.760
Nedskrivning trinn 1	-1.467	-1.209	-1.369
Nedskrivning trinn 2	-251	-190	-206
Nedskrivning trinn 3 modellbasert	-1	-44	-59
Individuelle nedskrivningar	-305	-404	-305
Tilbakefører trinn 1 då verkeleg verdi av utlån er definert som utlån til amortisert kost + nedskrivning trinn 1	1.467	1.209	1.369
Sum utlån vurdert til verkeleg verdi	2.467.360	2.408.050	2.308.190

Trinn 1 personkunder 01.01	1.369	1.148	1.148
Trinn 1 personkunder ved periodeslutt	1.467	1.209	1.369
Endring resultatføres i utvida resultat	98	61	221

Utlån vurdert til amortisert kost	896.641	859.104	870.665
Utlån vurdert til virkeleg verdi	2.467.360	2.408.050	2.308.190
Sum utlån til og fordringar på kundar	3.364.001	3.267.154	3.178.855

MISLEGHALD OG TAPSUTSETTE, NEDSKRIVING PÅ UTLÅN

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Misleghald næringlivskundar	37.706	38.696	40.921
Misleghald personkundar	773	3.681	4.196
Brutto misleghaldne engasjement	38.479	42.377	45.117
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	23.701	20.995	24.185
Netto misleghaldne engasjement	14.778	21.382	20.932

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne

	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	27.176	13.437	26.367
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	4.678	3.381	4.597
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	22.498	10.056	21.770

NEDSKRIVING ETTER IFRS 9

Pr 30.09.2021

	Steg 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Steg 2 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
Individuell nedskrivning	0	0	0	28.379	28.379
Utlån og kredittar til kundar	6.628	3.116	331	0	10.075
Unyttar kredittar til kundar	274	113	1	0	388
Garantiar til kundar	281	34	45	0	360
Innskot/fordring på kredittinstitusjon	0	0	0	0	0
Sum nedskrivningar	7.183	3.263	377	28.379	39.202
Bokført som reduksjon eigendeler	6.628	3.116	331	28.379	38.454
Bokført som auke annan gjeld	555	147	46	0	748
Sum nedskrivningar	7.183	3.263	377	28.379	39.202

ENDRING I NEDSKRIVING ETTER IFRS 9

	Steg 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Steg 2 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
Nedskrivningar 01.01.2021	5.973	2.635	2.504	28.782	39.894
Overføringer:					
Overført til trinn 1	1.744	-822	-921	0	1
Overført til trinn 2	-440	1.198	-758	0	0
Overført til trinn 3	-21	0	21	0	0
Netto endring	-1.254	-58	-432	-107	-1.851
Nye tap	2.291	180	0	403	2.874
Frårekna tap	-1.136	-353	-37	-699	-2.225
Endring i risikomodell/parmetre	26	483	0	0	509
Andre endringer	0	0	0	0	0
Nedskrivningar 30.09.2021	7.183	3.263	377	28.379	39.202
Konstatert tap	400	0	0	116	516
Inngått på tidligere konstaterte tap		0	0	-27	-27
Bokført som reduksjon eigendeler					38.454
Bokført som auke annan gjeld					748
Sum nedskrivningar 30.09.2021					39.202

NOTE 3 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsverdiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Pr 31.13.2020 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 30.09.2021

	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Verdsettjingshirarki		
			Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Pengemarkedsfond					
DNB Likviditet iV	5.176	5.228	5.228	0	0
Holberg Likviditet	344.419	35.218	35.218	0	0
Pareto Likviditet	31.966	31.915	31.915	0	0
DNB European Covered Bonds	134.338	94.715	94.715	0	0
DNB Global Treasury	71.202	65.256	65.256	0	0
Dnb OMF	86.316	86.901	86.901	0	0
Sum obligasjons og pengemarknadsfond		319.233	319.233	0	0

Aksjar og grunnfondsbevis

Balder Betaling AS	159.789	3.768	0	0	3.768
Brage Finans AS	2.170.040	30.185	0	0	30.185
DNB Bank ASA	15.942	3.146	3.146	0	0
Eiendoms kreditt AS	99.222	15.629	0	0	15.629
Frende Holding AS	38.324	19.842	0	0	19.842
Gjensidige Forsikring ASA	11.193	2.163	2.163	0	0
Lerum Brygge AS	4.000	2.000	0	0	2.000
Luster Energiverk AS	1.359	17.667	0	0	17.667
Norne Securities AS	117.095	237	0	0	237
Verd Boligkreditt AS	38.367	42.312	0	0	42.312
Visa		1.241	0	0	1.241
Kredittforeningen for Sparebanker	460	552	0	0	552
Sogn Sparebank	7.600	859	859	0	0
Andre aksjer		413	0	0	413
Sum aksjar og grunnfondsbevis		140.014	6.168	0	133.847

Avstemming

	Nivå 3
Inngående balanse 01.01	131.551
Realisert vinst/tap	274
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	225
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat	0
Investering	7.863
Salg	-6.066
Utgående balanse	133.847

NOTE 4 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Lønstakarar	2.246.419	2.122.607	2.123.634
Offentleg sektor	174.154	148.122	118.563
Finans og andre sektorar	106.576	96.099	102.989
Næring			
- Primærnæring	71.227	64.545	56.655
- Industri	28.263	18.720	16.608
- Kraftproduksjon	34.158	22.719	22.461
- Bygg og anlegg	103.473	103.830	94.552
- Handel	36.575	48.192	48.301
- Hotell og resturantdrift	47.929	37.550	28.099
- Transport	9.065	10.867	9.371
- Egedomsdrift	94.990	83.243	88.792
- Andre tjenesteytande næringar	82.880	85.705	99.749
- Interesseorganisasjonar	5.954	12.119	11.662
Sum innskot	3.041.663	2.854.318	2.821.436

NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN

Innlån frå kredittinstitusjonar	30.09.2021			
	Opptak	Forfall	Pålydande	Bokført verdi inkl renter
Kredittforeningen for Sparebanker	16.01.2020	10.02.2023	30.000	30.040
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	30.000	30.045
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	50.000	50.084
Kredittforeningen for Sparebanker	17.06.2021	11.11.2024	35.000	35.039
Sum gjeld til kredittinstitusjonar			145.000	145.208

Obligasjonar notert på Nordic ABM	Bokført verdi			
ISIN-nr	Opptak	Forfall	Pålydande	inkl renter
NO0010813967	11.01.2018	11.01.2022	5.000	5.011
NO0010822018	04.05.2018	04.05.2022	20.000	20.034
NO0010835333	01.11.2018	01.11.2022	60.000	60.102
NO0010873573	24.01.2020	24.08.2023	70.000	70.107
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	60.000	60.005
NO0010993033		04.05.2026	60.000	60.089
Over/underkurs				-755
Sum obligasjonar			275.000	274.593

NOTE 6 ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Eigenkapital	591.116	555.777	566.152
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-26.366	-22.278	
- Frådrag	-73.135	-69.545	-68.130
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	491.615	463.954	498.021
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Statar og sentralbankar	2.727	3.289	12.290
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)		16.920	3.005
Offentleg eigde foretak		0	0
Institusjonar	29.432	23.633	31.216
Foretak	44.425	65.296	70.851
Massemarked	369.655	0	0
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.082.368	1.438.752	1.398.773
Forfalte engasjementer	39.751	257.444	219.114
Høgrisiko-engasjement	126.516	0	48.981
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	0	0
Andeler i verdipapirfond	32.636	34.605	38.634
Eigenkapitalposisjonar	76.071	74.720	78.793
Øvrige engasjement	24.642	22.032	25.143
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	1.828.223	1.936.691	1.926.800
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden	164.095	151.428	164.095
Sum berekningsgrunnlag	1.992.318	2.088.119	2.090.895
Kapitaldekning i prosent	24,68 %	22,22 %	23,82 %
Kjernekapitaldekning i prosent	24,68 %	22,22 %	23,82 %
Rein kjernekapitaldekning i prosent	24,68 %	22,22 %	23,82 %

KONSOLIDERING AV SAMARBEIDANDE GRUPPER

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.

Banken har eigarandel på 7,31 % i Verd Boligkreditt AS og 1,59 % i Brage Finans AS.

	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Konsolidert rein kjernekapital	557.419	533.969	562.737
Konsolidert kjernekapital	564.075	540.427	569.198
Konsolidert kapitaldekning	572.938	549.021	577.793
Konsolidert beregningsgrunnlag	2.502.651	2.505.925	2.520.765
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	22,27 %	21,31 %	22,32 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	22,54 %	21,57 %	22,58 %
Konsolidert kapitaldekning	22,89 %	21,91 %	22,92 %

BANKEN SINE KAPITALKRAV

Minstekrav kjernekapital	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %
Systemrisikobuffer	3,00 %
Motsyklisk buffer	1,00 %
Krav til rein kjernekapitaldekning	11,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	12,50 %
Krav til kapitaldekning	14,50 %
Banken si vurdering av Pilar 2-kravet	1,90 %

BANKEN SINE KAPITALMÅL

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Sett i samanheng med forventna finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital og kapitaldekning på konsolidert nivå.

Mål for rein kjernekapitaldekning	16,00 %
Mål for kjernekapitaldekning	17,00 %
Mål for kapitaldekning	19,00 %

NOTE 7 LIKVIDITET

	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	157,2 %	122,4 %	160,0 %